



Alver kommune Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 68894acf-5303-4d33-a305-3bc3d4b41972
Vår: 23/4737 - 23/55916

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

03.07.2023

Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 496/1 Pletten i Alver kommune - uttale kultur

Viser til førespurnad om uttale til søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 496/1 Pletten.

Den omsøkte landbruksvegen er allereie bygd i samband med eit midlertidig massedeponi knytt til bygging av ny fv 565. Søkjar ynskjer å overta denne vegen som landbruksveg etter fv 565 er ferdig.

Det aktuelle arealet ligg tett opp til torvhusmiljøet i Såtemyra, som har omsynssone for bevaring av kulturmiljø i kommuneplanen for Radøy. Dette kulturmiljøet består av åtte torvhus og ein eldre skogsveg gjennom området. Dette området vert ikkje direkte berørt av desse planane, men den omsøkte vegen får tilkomst via skogsvegen som går gjennom omsynssona.

Det er viktig at auka og evt endra bruk av den eksisterande skogsvegen ikkje reduserer kvalitetane i omsynssona. Det må difor setjast vilkår i eit evt positivt vedtak at ein ikkje skal nytta tyngre køyretøy enn eksisterande landbruksveg gjennom omsynssona i dag er dimensjonert for, og at auka og evt. endra bruk av vegen ikkje skal redusere dei kulturhistoriske kvalitetane innanfor omsynssona.

Med helsing
Alver kommune, Kulturutvikling, idrett og
frivillighet

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG